

Fra: sindre <sindhop2@hotmail.com>
Sendt: 5. november 2014 11:55
Til: Postmottak Meland
Kopi: Anne-Lise Næs Olsen
Emne: E39 Flatøy . Kven har ansvar?
Vedlegg: Scan0005.pdf; Scan0006.pdf

Hei.

Mitt navn er Sindre Hopland og eg bur på Flatøyvegen 86, gardsnr 1 og bruksnr 209.

Natt til måndag 14.okt blei min sambuar og mine to born vekka av høg støy frå E39. Dette viste seg å vere Implenia som fjerna autovern på veien. Eg sjølv var på jobb i Nordsjøen då dette holdt på, og blei informert av min samboer. VI HAR IKKJE BLITT INFORMERT AV NOKON OM AT DETTE ARBEIDET SKAL STARTE ELLER OM AT DET SKAL FOREKOMME NATTARBEID! Det er ikkje gitt at vi går på kommunen si heimeside eller at vi har lokalavisene!

Eg ringte så til Statens vegvesen og kom i kontakt med byggeleder Vidar Nødtveit og forklarte situasjonen. Han fekk nr til min sambuar for å kunne få ei løysing på saka, då det viste seg at same arbeid skulle fortsette neste natt. Så ringte anleggsleiar frå Implenia, Thomas Arnesen, (som hadde snakka med Vidar) til min samboer. Han sa at ho skulle bli informert når dei skulle ha støyende arbeid på natta. Det skal nevast at arbeidet med å fjerne autovernet vart flytta til mellom kl. 18.00 og 22.00 den kvelden. (Men framleis ugunstig for oss, då vi har små born.) Denne veka og den neste veka, var det arbeid med veien stort sett kvar natt. Dette er arbeid som er sjenerande for oss, men tydeligvis ikkje støyande nok til å krevja varsel til naboane. Kven avgjer om anleggsarbiedet utanfor vårt hus er støyande??

To dager etterpå fekk vi eit lite skriv (sjå vedlegg) om kva som skal skje og at vi skal bli informert om når det skal vere støyande arbeid på nattestid.

Det som sjokkerte oss av det som stod på skrivet er at dei har vert i dialog med Meland kommune ved avdelinga for miljøretta helsevern om det planlagte nattarbeidet. **Og dei hadde ikkje innsigelser til at arbeidet vert gjennomført!! Kva grunnlag har dei for å godkjenne dette?? Kven sitt i dette utvalget og godkjenner slikt på vegne av innbyggjarane?**

Natt til torsdag 23. oktober blei min samboer nok ein gong vekka midt på natta av støyende arbeid uten og ha blitt informert om dette.

Eg var fortsatt på jobb. Eg ringte til Thomas Arnesen og han forklarte at dette skulle egentlig Statens vegvesen informert om. Og at dei skulle vere ferdig med nattarbeid fredag 24/10 og at då blei det ikkje meir nattarbeid før etter nyttår.

Eg snakka og med Vidar Nødtveit mandag 3/11 og han kunne forklare at Statens vegvesen, altså han sjølv, var forsinka med å sende ut varsel til innbyggjarane. Dette er ikkje godt nok!!

Vi har støy utenfor huset vårt fra 07:00- 19:00. Dette er noko vi overhode ikkje er interessert i og synest det er utrulig uprofesjonelt av Meland kommune, Implenia og Statens vegvesen når det gjeld planlegging og informering.

Når vi veit no at dette skal holde på til 2016 så ser vi ikkje lyst på dette fremover.

Viss det er tilfelle at det skal forekomme nattarbeid, så ønsker vi et møte med dei gjeldene om dette.

Spørsmål:

- Kva grunnlag har avdelinga for miljøretta helsevern for å gjodkjenne nattarbeidet?
- Kven skal informere oss som er rammet?
- Kven er det som bestemmer arbeidstida for anlegget?

Denne mailen blei sendt til dere 1/9-2013 og den fekk eg ikkje noko svar eller bekreftelse på.

Hei.

Ønsker og komme med innspel om støyskjerming på E39 over Flatøy.

Mitt navn er Sindre Hopland og eg bur på **flatøyvegen 86, gardsnr 1 og bruksnr 209.**

Eg blir fortalt at det ikkje skal komme støyskjerming på vegstrekningen opp i mot vår eigendom på grunn av at det er utanfor støysona.

Viss dette er tilfellet så ønsker eg og klage på prosjektet.

Dette er på grunn av at vi ligger absolutt i støysona og det er ikkje målt støy fra eigendommen.

Det bør derfor takast støymåling fra eigendommen.

Vi er i dag plaget med støy fra vegen og viss vegen kjem tettare på eigendommen så vil dette bli forverret.

Dette vil også få konsekvenser for verdien på eigendommen.